

ÅRSMØTE MARITIME HOTEL, FLORØ

25. – 26. MARS 2000

INNHALDSLISTE

Dagsorden årsmøte.....	side 2
Nokre ord frå leiaren.....	side 3
Årsmelding frå styret.....	side 4
Medlemsutvikling.....	side 9
Årsmelding frå Fagleiar Konkurransen.....	side 10
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Rifle.....	side 10
Årsmelding frå Fagleiar Hund.....	side 11
Årsmelding frå Fylkesinstruktør El. Dressurhalsband.....	side 12
Årsmelding frå Kvinnekontakten.....	side 13
Årsmelding frå Mik-instruktøren.....	side 14
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Jegerprøve.....	side 15
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Ettersøkshund.....	side 16
Årsmelding frå fylkessekretær.....	side 17
Kontorutstyr.....	side 18
Arbeidsprogram for 2000.....	side 19
Budsjett for 2000.....	side 22
Vedtekter.....	side 23

Revidert rekneskap vert utdelt på årsmøtet.

DAGSORDEN ÅRSMØTE

Laurdag 25. mars kl. 14.30 Lunsj
 15.30 Årsmøtesaker
 kaffepause
 17.00 Årsmøtesaker
 19.00 Avslutning
 20.30 Middag og sosialt samvær

Søndag 26. mars kl. 09.30 Fagleg del
 Kaffipause
 11.10 Open time
 12.00 Avslutning / lunsj eller reise til Svanøy

NJFF vert representert ved Viggo Kristiansen, ansvarleg red. i Jakt og Fiske.

DAGSORDEN ÅRSMØTESAKER

Sak 1 Namneopprop
 Sak 2 Godkjenning av innkalling og sakliste
 Sak 3 Val av møteleiar og sekretær
 Sak 4 Val av to til å skrive under møteboka
 Sak 5 Årsmeldingar for 1999
 Sak 6 Rekneskap for 1999
 Sak 7 Arbeidsprogram for 2000
 Sak 8 Budsjett for 2000
 Sak 9 Vedtektsendringar
 Sak 10 Innkomne forslag
 Sak 11 Val

NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Det siste året i årtusenet var prega av positive initiativ frå fleire aktørar for å setje søkelyset på dei problemstillingane som er oppstått mellom næring og friluftsliv. Eg vil her dra fram Lakseseinaret i Lærdal og Hjorteseinaret i Florø. Saman med Fylkesmannen og Skogeigarlaget vart det arrangert MIK konferanse i Førde med vekt på fisk. Dette er eit positivt tiltak der grunneigarar, brukarar, og forvaltning møter til meiningsutveksling.

Desse seinara har hatt positive etterverknader, noko som sjeldan er resultatet av å sitte å høyre på ”store ord”. Dette viser at både næringsliv og andre tar problema på alvor. No får vi bare håpe at dei som er begynt ”å snakke saman” også kjem til å ”handle saman.

Skal eg trekke fram den beste nyhenda må det vere at no er endeleg hjorteprojektet i Nordfjord i gong. Den mest nedslåande nyhenda må vere at det på ny vart påvist smitte på laksen i ærverdige Lærdalselva.

Hjortejakta vart utvida igjen. Kan dette tyde på ei skeiv forvaltning av hjortestamma? Dette vil bli ein utfordring i åra som kjem og eg ber om at vi gjer alvor av å gå ut å søke å få ein haldningsendring hos jegerar og forvaltninga i kommunane der vi ber ein spare storbukkane. Dette er eit forslag vi har fått inn frå røynde hjortejegerar og det er eit tiltak eg har tru på. Dette er noko vi alle må ta del i, og vi kan t.d. starte med jegerprøvekursa, og vi kan påverke i våre eigne jaktlag med meir. Haldningsendring er ikkje av det enklaste ein prøvar seg på så vi må nok sjå for oss at det kan ta mange år.

Kysten vår har vert i fokus. Vi som driv med jakt, fiske og friluftsliv her ute har merka at det ikkje alltid er like stor forståing inne i landet for våre problemstillingar. Vi her ute skal trass alt leve hand i hand med næring og hobbybruk.

Ressursane på kysten har i alle tider vert nytta til å spe på i husholdning og slik vil det fortsette i tider framover. Dei som driv fangst på kysten gjer det fordi dei har glede av det og fordi det gir livskvalitet. Dette er ein tradisjon som vil leve og eg kan ikkje med min beste vilje sjå at desse er til noko trussel for laksestamma i elvane inne i fjordane, eller på kobbebestanden. Vi haustar av eit overskot og driv ei fornuftig forvaltning i eit kulturlandskap. Kvifor blir vi då stengt ute ved at kulturlandskapet skal vernast. Det vernet som er lagt opp til i dag kjem til å legge kulturlandskapet brakk, dette ser vi særleg i dei verna områda på kysten, men vi vil også kome til å sjå det andre stader.

Noko må vi leve av på kysten. Oppdrett av laks er ei næring som held liv i enkelte lokalsamfunn ute på kysten. Dette er ein trussel for laksen inne fjordane, men næringa må få leve. Det er her utfordringane ligg, det vere seg i form av betre kontrollrutinar, rømming sikre anlegg. Dette må regulerast ved hjelp av strenge lovar og reglar og ikkje ved å nekte oss å ta ein laks eller to på stong.

No må vi setje kysten i fokus og finne ein måte å forvalte ressursane på ein slik måte at vi og i framtida kan hauste av overskotet. Vi må kanskje velje mellom fleire onder, med det valet får vi ta når det kjem. Dette vil eg setje på dagsplanen inn i det nye årtusen.

Til slutt vil eg gratulere Førde JFL, Askvoll/Holmedal JFF, Leikanger JFL med eit flott gjennomført NM i Førde

Kristin Halvorsen
- leiar -

NJFF - SOGN OG FJORDANE ÅRSMELDING FOR 1999 FRÅ STYRET

Styret har i 1999 vore samansett slik:

- Kristin Halvorsen Leiar
 Gunnstein Husdal Nestleiar
 - John Davy Oddekalv Sekretær
 - Kåre Solheim Kasserar
 Arve Myklebust Ungdomsleiar
 - Odd Inge Hagen Fagleiar Vilt
 Arvid Pedersen Fagleiar Fisk
- 1. vara Jan Inge Kleppe Fagleiar Konkurrans
 - 2. vara Robert Brenden Fagleiar Hund

Kristin Halvorsen har fungert som kvinnekontakt.

- Desse er på val. Sekretær vart vald for eitt år i fjor, og skal derfor veljast for 1 år.

Frå NJFF - Sogn og Fjordane har desse vore med i NJFF sine styre og utval:

Bjarne Huseklepp, Jegerpr./MIK- instruktør Forbundsstyret og leiar i DSU

Fylkeslaget er representert i desse utval/fagråd:

- * Referansegruppa for Norsk Hjortesenter: Kristin Halvorsen. Odd Inge Hagen er vara.
- * Styringsgruppa for prosjektet "Lokal forvaltning og driftsplanlegging av vilt – og fiskeressursar". Kristin Halvorsen møter som observatør m/tale og forslagsrett.
Odd Inge Hagen og Arvid Pedersen er kontaktpersonar.
- * Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane. Audun Sande og Arvid Pedersen.
- * Fagråd for forvaltning av anadrome laksefisk i Nordfjord; Arvid Pedersen

Status - gjennomføring av arbeidsprogram for 1999:

*** Formannskonferanse**

Gjennomført 26. – 27. november. Det møtte 26 representantar frå lokallag, fylkesslag og NJFF sentralt.

Innlegg/Foredragshaldarar: Øyvind Fjeldseth frå NJFF, Kristin Halvorsen og Reidun S Seim frå fylkeslaget.

*** Samarbeid med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt- og fiskefondet**

Vi var ikkje representert ved utdeling av viltfondsmidlane. Fiskefondsmidlane vart bestemt i telefonmøte med Fagleiar Fisk.

*** Forvaltning av vilt- og fiskeressursar /
Vidareføre og påverke samarbeidet med Fylkesmannen**

- Fylkesinstruktør ettersøkshund og fylkessekretær har delteke i møte i Sogn og Fjordane Ettersøksråd, Skei 16.1.99, 27. 2.99 (f.sekr. fråfall) 29.5.99 (f.sekr. fråfall) og 17.11.99.
- Fagl. Fisk har vore i møte med Lokal lakselusgruppe for Nordfjord, Måløy 26.2.99
- Fylkesinstruktør Jegerprøve avholdt jegerprøveinstruktørkurs i Førde, 10. – 11.4.99
- Fylkesleiaren har vore observatør på møter i styringsgruppa til Driftsplanprosjektet, Førde 27.4.99 og 7.10.99
- Verna områder: saka vart omtala i ” Jakt & Fiske” nr. 4 99.
- Fylkesinstruktør ettersøkshund har avholdt Fase II og III kurs ettersøk, Sande 8. – 9.5.99.
- Fagleiar Fisk, fylkesleiar, nestleiar og fylkessekr. deltok på villaksseminar i Lærdal 29. – 30. mai
- Fylkessekretær deltok på hjort '99 for Fagleiar Vilt, Florø 1. –2.6.99
- Fylkesinstruktør El. dressurhalsband avholdt brukarkurs på Nordfjordeid 5.6.99
- Fagleiar Fisk deltok på konstituerande møte i regionalrådet for villaks i Nordfjord, Stryn 28.9.99.
- Fagleiar vilt, nestleiar og fylkessekr. Deltok på temadag om villreinforvaltning, selforvaltning og jakt på jerv, Aurland 2.10.99
- Fylkessekretær møtte på FRIFO sitt fellesmøte i Fjærland 15.-16.10.99
- Fylkessekretær møtte for Fagleiar Vilt på fellesmøte for tilsynsutvala Jotunheimen Nasjonalparksenter /Utladalen landskapsvernområde, Lom 20.10.99
- Fylkesinstruktør Mik har vore ansvarleg saman m/Skogeigarlaget om Mik-seminar 27.- 28.11.99. Tema: fiskeforvaltning. Her deltok fleire lokallag og frå fylkeslaget.
- Småviltregistrering; avtale med forskar ved Høgskulen i Sogndal, utsending av skjema for sett/felt småvilt, hjort og eventuelt rådyr.
- Registrering av kvitfiskbestandane i fjordarmane. Fagl.fisk har vore i kontakt med Havforskinga, dei er interessert, men manglar pengar. Eit evt. vidare arbeid må gå gjennom fiskerisjefen.

Høyringar som har vore gjennomgått i styret: ♦ fisketider for laks/sjøaure ♦ laksefiske i sjøen i Sogn og Fjordane ♦ forslag til reviderte reglar for jaktskyting ♦ ”Til laks åt alle kan ingen gjera” ♦ konsesjonssøknad utvida beiteareal tamrein ♦ endring i oppdrettslova ♦ samarbeidsavtale Norges Fjellstyresamband – NJFF ♦ arbeidsinstruksar for fylkeslaget ♦ endring i hjorteviltforskrifta og forskrift om godkjenning av ettersøkshund ♦ forskrift om bekjemping av lakselus

*** MIK - seminar**

Gjennomført 27.-28. november på Sunnfjord Hotell, Førde i samarbeid med grunneigarsida v/Bright Samdal. Ca. 75 deltakarar

Foredragshaldarar: Bjarne Huseklepp (NJFF -Sogn og Fjordane), Bright Samdal (Skogeigarlaget), Øyvind Fjeldseth (NJFF), Harald Sægrov (Rådgivende biologer), Eyvin Søltnæs (Fiskeforvaltar, FM), Tore Wiers, Sven-Erik Gabrielsen, Finn Erlend Ødegård (Norske Lakselver), Arvid Pedersen (NJFF -Sogn og Fjordane), Synnøve Stalheim (repr. Kommunane).

*** Kurs og studieverksemd**

- Fangst/ fellekurs for ungdom, Sogndal avlyst
- Jegerprøveinstruktørkurs, Førde 10. – 11.4.99
- Riflekurs for kvinner, Svanøy avlyst

- Fase II og III Ettersøkshund, Sande 8. – 9.5.99
- El. dressurhalsbandkurs, Nordfjordeid 5.6.99
- Fiskecamp for ungdom, Gloppen avlyst
- Temadag: Kobbe, villrein, jerv, Aurland 2.10.99
- Formanskonferanse, Førde 26. – 27.11.99
- Mik-seminar: fiskeforvaltning, Førde 27. – 28.11.99

*** Medlemsverving og aktivitetstilbod - med spesiell vekt på ungdom og kvinner**

Kvinnekontakt var med på jenteslepp i Bjordal 17.4.99 og havfisketur for jenter ved Florø, 28.8.99

Det vart prøvd å halde fangst og fellekurs for ungdom i Sogndal utan å lukkast. Det vart prøvd to gonger å halde fiskecamp i Gloppen, også her utan å lukkast med kun 3 påmelde.

Fylkeslaget ved leiar, og fylkessekretær var med på friluftshelga i Hyen 29.7 – 1.8.99 der det var god deltaking på fiskesti og fiskekonkurranse for barn og unge. Fylkeslaget ved fylkessekretær deltok på landbruksdagane på Mo 27. – 28.8.99

*** Koordinere lokale kurs**

Familie-/Friluftshelg i Hyen 29.7-1.8.99. Mange tilbod og aktivitetar for heile familien – parteringskurs, fiskekonkurranse m.m.

Planleggingsarbeid med Vestnorsk Villmarksmesse som skal vere 5. – 7. mai 2000 i Sognahallen, Sogndal. NJFF - Sogn og Fjordane er hovudarrangør. Medarrangørar er: Sogndal JSPFL, Årdal JFF og Lærdal JFL.

*** Treningsområde for fuglehundar**

Har avtale med NML-klubb om trening på Gaularfjellet. Kontaktperson: Henning S. Fureli. Den nye Fagleiar Hund er godt i gang med å få eit nytt område i Hollekve (Sogndalsdalen) og har også eit anna terreng på planleggingsstadiet.

*** Medlemsavis 2 g. årleg**

To medlemsaviser i 1999:

1/99 kom ut veke 18 (tidleg mai) og 2/99 kom ut veke 32 (august).

*** Kartleggje foreiningsstrukturen i fylket**

Spørsmål-skjema til små lokallag har blitt sendt ut utan respons. Vi har tre lokallag nord i fylket på kysten som har 10 eller færre medlemmer. Desse har så og seie ikkje lokallagsstyre.

*** Meir kontakt med lokallaga**

Fylkeslaget har hatt telefonkontakt med lokallaga minst 3-4 gonger i året, (nokre fleire, andre færre) Fylkesleiar og fylkessekretær var på årsmøte til Eid jfl 30.januar

Møter med medarrangørar av Vestnorsk Villmarksmesse (Fylkesleiar, nestleiar og fylkessekretær), friluftshelga i Hyen, NM i Førde, landbruksdagane på Mo, planleggingsmøte med Gloppen jfl om fiskecamp, temadag i Aurland, Formanskonferanse i Førde.

*** Småviltregistrering**

Tarald Seldal, forskar ved Høgskulen i Sogndal, vil i første omgang hjelpe til med eit prøveprosjekt. Det er sendt ut "sett /felt -skjema" til lokallaga. Arbeidet er godt i gang, men det er få skjema som er innsendt. Dei få er vidare sendt til Tarald Seldal.

*** Oversikt over jakt- og fiskevald.**

Oversikten har vore i ei avis kvart år. Internettside er endå ikkje laga, men desse takast med der. Det er påbyrja eit arbeid med å lage til ein CD-rom som skal distribuerast i fyrste omgang til alle medlemmer av NJFF i "Jakt & Fiske" nr. 4 2000. Denne inneheld oversikt over jakt og fiske-moglegheiter i Noreg.

***Internett**

Har hatt ein avtale med Einar Trulssen om bruk av hans heimesider. Litt forskjellig informasjon er lagt inn på hans sider. Denne sida var linka opp til NJFF sine sider. Det var planlagt at fylkeslaget skulle få egne sider i løpet av 1999, men kapasiteten strekte ikkje til.

***Lotteri**

Loddbøker vart utdelt på formannskonferansen, trekking på Vestnorsk Villmarksmesse 7. mai 2000.

Styremøte:

Styret har halde 7 styremøter og handsama 61 saker.

Informasjon frå styret:

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga, fylkesinstruktørar og NJFF. Lokallagsinformasjonen "informasjon" er sendt ut 5 gonger i tillegg til anna informasjon frå styret. Medlemsavis er utgjeven 2 gonger.

Media

Leiaren har vore med på følgjande:

10.06.99 Vestlandsrevyen "Sal av Statskog"

Fagleiar Fisk har vore med på følgjande:

07.07.99 NRK Sogn og Fjordane, ang. utspel frå oppdrettsnæringa

Fylkessekretær har vore med på følgjande:

29.7.99 NRK Sogn og Fjordane, laksefisket

Pressemeldingar:

Januar Forskrift om fiske etter laks og sjøaure

Juni Privatisering av Statskog

September Bly / stålhagl

Oktober Statsbudsjettet: kalking

Det har i tillegg vore fleire utspel i media vedrørande høyringar.

Representasjon

Leiaren har vore med på følgjande:

- 30.01.99 Årsmøte Eid Jfl
- 09.03.99 Årsmøte Studieforbundet Natur og Miljø, Førde
- 23.-24.04.99 Kurs FRIFO Kart og kompass, Kaupanger
- 29.-30.05.99 Villaksseminar i Lærdal
- 31.05.99 Referansegruppa for Norsk Hjortesenter, Svanøy
- 04.-06.06.99 Formanskonferanse/representantskapsmøte NJFF, Stjørdal
- 10.06.99 NM Jegertrapp, Førde
- 30.7-1.8.99 Friluftshelga i Hyen
- 03.-05.09.99 Formanskonferanse/representantskapsmøte NJFF, Gardermoen
- 07.10.99 Møte driftsplanprosjektet, Førde
- 27.10.99 Lokal Agenda 21, Florø
- 27.-28.11.99 MIK, Førde

Nestleiar har vore med på følgjande:

- 29.-30.5.99 Villaksseminar, Lærdal
- 02.10.99 Temadag, Aurland. Foredrag om villrein.

Fagleiar fisk har vore med på følgjande:

- 29.-30.5.99 Villaksseminar, Lærdal
- 28.09.99 Møte i regionalrådet for villaks i Nordfjord, Stryn
- 2 møter i Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane, Sandane og Skei
- 27.-28.11.99 Mik-seminar, Førde

Fagleiar Vilt har vore med på følgjande:

- 02.10.99 Temadag, Aurland. Foredrag om villrein.

Fylkessekretær har vore med på følgjande:

- 30.01.99 Årsmøte Eid Jfl, Eid. (Torunn)
- 09.03.99 Årsmøte Studieforbundet Natur og Miljø, Førde (Torunn og Reidun)
- 29.-30.5.99 Villaksseminar, Lærdal
- 01.06.99 Hjort '99, Florø
- 4.-6.06.99 Fylkessekretærsamling, Stjørdal
- 09.07, 11.07 og
- 14.07.99 NM, Førde
- 16.06.99 Møte i Florø, Fylkesdelplan.
- 30.6-1.08.99 Friluftshelg i Hyen
- 27./28.08.99 Landbruksdagane på Mo
- 02.10.99 Temadag i Aurland
- 15.-16.10.99 Fellesmøte FRIFO, Fjærland
- 20.10.99 Fellesmøte Jostedalen Nasjonalparksenter/Utladalen Landsk.vernomr., Lom
- 26.-28.10.99 Fylkessekretærsamling, Hurdal
- 27.-28.11.99 Mik-seminar, Førde

Medlemsutvikling: (Medlemer Totalt = bet. + ikkje bet.)

<u>Namn på laget:</u>	<u>22.1.97</u>	<u>14.1.98</u>	<u>6.1.99</u>	<u>5.1.2000</u>
Askvoll og Holmedal JFF	61	56	57	65
Aurland JFL	192	201	203	190
Balestrand JFF	31	29	27	22
Bryggja og Omegn JFF	15	15	16	19
Eid JF	167	181	224	236
Fjaler JSPFL	24	26	27	28
Flora JFF	135	170	209	199
Førde JFL	196	206	213	211
Gaular JFL	67	76	80	72
Gloppen JFL	123	129	151	152
Gulen JSPFL	40	38	38	37
Hyen JFF	46	45	54	56
Hyllestad JFL	49	51	62	53
Høyanger JFL	181	192	188	189
Jølster JSPFL	37	36	38	41
Leikanger JFL	93	93	96	101
Luster JFL	158	142	147	167
Lærdal JFL	106	105	117	127
Naustdal JFL	27	29	27	24
Selje JFF	9	8	7	4
Sogndal JSPFL	176	207	225	230
Solund JFL	5	3	2	2
Stryn og Hornindal JSPFL	56	87	150	154
Svelgen JFF	33	33	34	37
Sørgulen JFL	14	13	11	10
Vik JFL	76	72	69	65
Årdal JFF	539	549	581	571
<u>Medlemmer totalt</u>	<u>2705</u>	<u>2792</u>	<u>3053</u>	<u>3062</u>

Av desse er det registrert 261 ungdomsmedlemer.

Vi har hatt ein auke i medlemstalet på ca. 0,3 %.

I tillegg er det pr. 31.12 1999 133 direkte medlemer til NJFF.

ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR KONKURRANSE

Jegertrap/leirduesti :

Sesongen starta tidleg i april og slutta den 28. august. Det var 7 ulike arrangørar av konkurransar og det har vore mykje god skyting på dei ulike banene. Det som eg synest manglar er unge skyttarar, der må laga satse på å få med seg ungdomen av begge kjønn. Askvoll/Holmedal arrangerte FM leirduesti 5.juni og vinnaren vart Gunnar Leknes. Eid JFL hadde FM jegertrap den 19. juni der Oddbjørn Mulen vart vinnar.

Den 10-17 juli arrangerte Førde, Leikanger og Askvoll/Holmedal NM i leirduesti/jegertrap på skytebana til Førde JFL. Det starta med leirduesti der skyttarane til Førde gjorde det meget godt då dei vann lagskytinga med Olav Årskaug, Geir Vie og Oddbjørn Mulen på laget. Olav Årskaug gjorde det også sterkt individuelt med ein flott andre plass.

I jegertrapa var det mange deltakarar frå Sogn og Fjordane og det var mange som vart premierte i dei forskjellige klassene. Frode Husum frå Leikanger JFL hadde full klaff, kun 2 bom i hovudfinalen og vart nr. 3, Olav Årskaug vart nr. 4. Eg vil gje skryt til arrangørane for eit nesten perfekt arrangement og når været også var topp kan det vel ikkje bli stort betre.

Arbeidsplan 2000: Jaktfeltseminar på Nordfjordeid 8. – 9. april.

Med helsing
Jan Inge Kleppe
-Fagleiar Konkurransen-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR RIFLE

Det har vort stadig stigande interesse for å arrangere for å arrangere instruktørkurs. Lokalt har eg instruert ved jegerprøve til førstegangsjegere samt i fleire høve ved jaktprøve og som standplassinstruktør.

I Sunnfjord var det planlagt kurs på Svanøy, men i siste liten vart dette avlyst med begrunning av at det var for få deltakarar.

Planar for 2000: Henvendelse frå Sogn om instruktørkurs i april / mai.

Det har også på nytt vore henvendelse frå Sunnfjord.

Budsjett for 2000; kr. 8.000,-

Samling for Fylkesinstruktøren 3. – 5. mars i Stjørdal

Med helsing
Arne Olav Bjørlo
-Fylkesinstr. rifle-

ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR HUND

Dette året har gått til å få kartlegge terreng og områder som er moglege treningsområder for hundar. Me har allerede ein del områder tilgjengelege, men ikkje i regi av NJFF -Sogn og Fjordane.

Gaularfjellet

Her er det eit område som allerede i dag er i bruk på vinterstid. Dette området har Henning S. Fureli fått tak i gjennom Norsk Munsterlander Klubb. Me har snakka om området og det er berre å ta kontakt med Henning, så vil han gje nærare opplysningar ang. pris ved trening. I følgje Henning skal det vere godt besatt med ryper der og det er og mulegheiter for overnatting på hytter.

Det blir kvart år laga til ei treningssamling for nybyrjarar og litt meir drevne, der dei legg vekt på det sosiale. Dei skaffar erfarne instruktørar, så det bør vera verd å ta turen til Gaularfjellet. Tlf til Henning er : 57 78 86 38

Florø

Flora Jeger og Fiskerforening har i dag ein god aktivitet lokalt. Dei har eige treningsterreng og småviltjakt å tilby medlemmane sine. Dei er interessert i å få til ei meir felles ordning når det gjeld treningsterreng, klubbar, dressur og samlingar. Dei er no ei lita kjerne med 10 hundar som prøver å dra lasset i lag. Dei driv og jobbar med eit nytt terreng, men har ikkje fått kontrakt på dette. Lykke til! Dei har lagt opp til desse aktivitetane i 2000:

Mars:-Gaularfjell samling
 -Due Trening, Førde
 -Trening i eige terreng
 -Jaktprøve Filefjell

April:-Få ny avtale i treningsterreng 2

Mai :-Hagleskyttingskurs
 -Due Trening, Førde
 -Saue reinheits dressur

August:-Due Trening
 -Tren.samling eige terreng
 -Jaktprøve?
 -Jakt Sverige!!

Kontaktmann er her, Rune Olsbø, leder fuglehundutvalget. Tlf: 57 74 75 03, Mob: 945 65 154

I Indre Sogn er det til no ikkje noko fast kontrakt på treningsterreng, men det blir jobba mot å få eit flott terreng i Hodlekve, 10 min frå Sogndal. Det er likevel mogleg å trene i dag utan fast kontrakt, men ver diskre når ein er i terrenget. I Luster kommune er det no mogleg å få sleppe hund i Turtagrø/ Sognefjellet etter den 01.10., men det er fortsatt den 15.10 resten av kommunen.

Hundeutvalget i LJFF avheld to uoffisielle jaktprøvar kvart år, som det blir lagt vekt på det sosiale og da spesielt nybyrjarar. Desse prøvane har vorte avholdt på Sognefjellet, men no blir det flytta litt på i forhold til fuglebestanden. Ein går på hausten(ca. 1 Okt.), og den andre på vinteren(mellom 15 Feb. og 1 April). Her pleier det å vera ca. 10 hundar som blir stilt til start.

Hundeutvalget har sett i gang eit prøveprosjekt på Sognefjellet i lag med grunneigarane. Det skal kjøpast inn feller for røyskatt og mår, men det er spesielt røyskatten dette prosjektet er tiltenkt til.

Info ang. kjøp av feller kan ein få av Svein Inge Hardberg, tlf: 57 68 74 43.

Hundeutstilling

Det var allereie søkt for å få avholde hundeutstilling når underteikna fekk saka til vidare behandling. Her er det eit samarbeid mellom NJFF -Sogn og Fjordane og Jotunfjell Fjordane Elghundklubb.

Det er skaffa tre dommarar og ringsækreterar er det også ordna med. Utstillinga blir den 6 Mai, men det er ikkje avklart kor me skal halde oss men det er berre formalitetar igjen på det.

Planar For 2000

Få hundeutstillinga trygt i havn både arrangørmessig og økonomisk. Jobbar for å få mange og gode sponsorar.

Få til nye kontrakter på treningsterreng og da spesielt lagt vekt på indre sogn som pr. i dag ikkje har ei einaste ei.

Prøve å få til ei samkøyring når det gjeld info og bruk av terreng her i fylket. Dette ser dei andre som allereie har terreng svært positivt på."Motto" Det er lettast å dra lasset i lag, motiverande, sosialt og lærerikt. Dette er sagt ifrå Rune Olsbø, FJFF.

Oppfølging av prosjektet på Sognefjellet.

Med helsing
Robert Brenden
-Fagl. Hund-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR EL.DRESSURHALSBAND

I 1999 vart det halde eitt brukarkurs, og det vart halde på Nordfjordeid. Det var 3 deltakarar frå Stryn og Eid. Den teoretiske delen vart gjennomført på føremiddagen, og den praktiske delen hadde vi på ettermiddagen.

Vi holdt til mest midt i sentrum, der vi fekk låne sauer av ein svært så aktiv saueeigar. Det er slike saueeigarar vi set stor pris på å få samarbeid med.

Deltakarane gjekk til verket med liv og lyst. Det er også viktig at det er dei rette personane som er med på desse kursa. Den teoretiske delen gjekk greitt unna.

Då vi starta den praktiske delen, viste det seg kor viktig det er å vera tolmodig. Vi gjekk i innhegninga med ein "spesiell" hund, som viste seg å vera ein luring. Det tok ein halvtime til motet var stort nok, men då skulle sauene "takast". Med stor presisjon frå eleven, vart det eit svært så kort jag. Då fekk vi sjå kor effektivt el. halsband kan vera. Det vart bråstopp på jaginga. Alle elevane greidde seg godt.

Elles så har eg vore på "observasjon" på kursa som Luster JFL har halde. Der er aktiviteten stor, som vanleg. Tilbakemeldingane frå lokallaga er elles svært dårleg.

I året 1999 har vi dessverre kunne lese i avisene at "laushundar" har vore på ferde. Det har enda med tragedie. Skal vi ALLE vera samde om at i år 2000 skal vi ta eit ekstra godt tak i desse "useriøse" hundeeigarane ?

HUGS DET ER BANDTVANG FRÅ 1. APRIL – 20. AUGUST !!!!!!!
HA EIN AKTIV SOMMAR !!!!!

Med helsing
Bjørn Monsen
-Fylkesinstr. el. dressurhalsband-

ÅRSMELDING FRÅ KVINNEKONTAKTEN

Det har vore ei nedtrapping av aktiviteten til kvinnekontakten. Mykje fordi vi håpar at lokallaga tar over dei som synte interesse til å delta i jakt og fiskeaktivitetar av jentene. Satsinga i 1998 har vore "synleg" ved at vi har fått snudd trenden om å vere ein "guteklubb" og eg trur at dei jentene som ønskjer å drive med jakt og fiske ikkje er like nølande med å ta kontakt med sitt lokallag som tidlegare.

I år har kvinnekontakten delteke på "Jenteslepp" i Bjordal 17. april med stand frå fylkeslaget. Her var det interesse for at vi skulle komme tilbake å lage eit arrangement for jenter innan jakt og fiske.

Handel og kontor tok kontakt og ønskte å få arrangert ein havfisketur for jenter igjen. Dette var tredje året havfisketuren gjekk av stabelen. I 1998 måtte vi avlyse ein av turane grunna dårleg deltaking, dette er ein kostbar sak og vi tok difor imot utfordringa frå HK sidan vi då nesten hadde fylt båten. Det vart tatt kontakt med nokon av dei som hadde vore med tidlegare og turen gjekk frå Florø 28. august. Dette er blitt ein tradisjon og turen vil bli arrangert vidare men i meir uformelle former. Dei som har lyst å vere med kan ta kontakt med underteikna.

Kvinnekontakten vil i tida framover delta på arrangement som er retta mot familie og ungdom. Men tar imot og arrangerer turar på oppfordring for jenter.

Med helsing
Kristin Halvorsen
- kvinnekontakt-

ÅRSMELDING FRÅ MIK-INSTRUKTØR

Det vart arrangert Mik-kurs på Sunnfjord Hotell 27.- 28. november. Målgruppa var medlemmer i lokale JFL, grunneigarar og kommunar. Programmet hadde fiskestell og fiskeforvaltning som tema. Det deltok rundt 80 personar.

Dette var fyrste året at Fylkesmannen var aktiv medspelar etter at NJFF -Sogn og Fjordane fekk til det gode samarbeidet med grunneigar- organisasjonane v/Brigt Samdal.

Utfordringa er no å få med ein representant for kommunane.

Då er alle samarbeidspartane med i arbeidet.

Det er ei klår målsetjing å vidareutvikle den gode tonen som no er mellom grunneigarsida, FM og SFJFF.

Fylkesmannen støtta samlinga i 1999 med kr. 25.000 til dekking av fellesutgifter.

Denne årlege samlinga har no fått gode og innarbeidde tradisjonar. Når vi ser dei store utfordringane som ligg i driftsplanarbeidet m.a., er det viktig å sikre god skulering av våre lokallag saman med våre samarbeidspartnerar.

I 1998 vart vi samde om at seminaret i 2000 skulle ha hjorte- og viltforvaltning som tema.

Stad og tid for samlinga er:

Sunnfjord Hotell, 25.-26. november 2000.

Arbeidsprogram for Mik-instr. 2000.

1. Søke om midlar frå aktuelle stønadsgjevarar.
2. Sende ut eit førebels fellesbrev til aktuelle deltakarar i fellesskap med samarbeidspartnerane.
3. Finne ei høveleg arbeidsfordeling mellom medarrangørane.
4. Utarbeide eit brukarretta program.
5. Skaffe foredragshaldarar.
6. Gjennomføre seminaret.

Budsjett for Mik-instr. 2000.

Kurset må vere sjølvfinansierande. Brigte Samdal har alt søkt om kr. 30.000,- frå FM til fellesutgifter.

Med helsing
Bjarne Huseklepp
-Mik-Instr.-

ÅRSMELDING FRÅ JEGERPRØVE-INSTRUKTØR

Eg arrangerte kurs for nye instruktørar 10.- 11. april i Førde.

Pr. dato er det 78 godkjende jegerprøveinstruktørar i Sogn og Fjordane.

I 1999 vart det utdanna godkjende instruktørar også i kommunane Naustdal, Leikanger og Hornindal.

Men dessverre manglar det instruktørar i Selje. Det er ei utfordring for NJFF-Sogn og Fjordane å stifte lokallag i kommunen.

I kommunane Balestrand, Fjaler og Solund er det berre ein instruktør. Her bør lokallaget gjere ein innsats slik at det er minst 2 instruktørar.

Sogn og Fjordane har utmerka seg med at det er lite å utsetje på dei lokale kursa som har vore arrangerte. Den mest vanlege feilen i samband med dei obligatorisk-praktiske kursa er avvik frå kravet om 4 dagar a` 4 timar. Dette er ikkje lov. Både fagleg og tidsmessig skal kursa følgje instruktørpermen og vedteke regelverk. Avvik frå dette kan medføre at kurset ikkje vert godkjent.

På fylkesinstruktørsamlinga i Stjørdal i desember var det teke initiativ til oppjusteringa av jegerutdanninga i Noreg. Dette er ein naturleg prosess fordi røynslene med noverande ordning og nye utfordringar tilseier ein total gjennomgong.

Saka må ut på høyring. Vert resultatet positivt, kan det innebere endringar både i omfang og innhald. I beste fall kan nytt opplegg for jegerutdanninga i Noreg vere klart i januar 2001.

Då eg tok over som fylkesinstruktør i 1995, valde eg ein strategi som gjekk ut på å ha minst 2 instruktørar i kvar kommune. Målet var at instruktørane skulle samarbeide om det obligatorisk-praktiske kurset for å få det så godt som råd er.

Dette har fungert svært godt der denne ordninga har vore nytta. Dersom jegerprøva no vert omlagd, vil samarbeid mellom instruktørar verte endå meir naudsynt.

Fleire instruktørar har no fungert i 5 år sidan siste etterutdanning. På grunn av arbeidet med ny jegerutdanning, er det bestemt at godkjende instruktørar fungerer som før inn til vidare.

Dette inneber at det ikkje vert arrangert verken etterutdanningskurs for godkjende instruktørar eller for nye instruktørar i 2000.

Til slutt vil eg takke instruktørane for godt arbeid i 1999.

Med helsing

Bjarne Huseklepp

- Jegerprøve-instr.-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØKSHUND

24.04.99 Fersksporprøve i Utvik, 4 hundar. Der var også 2 aspirantar som avla aspirantprøve på ferskspor. Aspirantane var Birger Hogrenning, Loen og Lidvin Hage, Utvik. Begge bestod prøvene og er godkjende dommarar for ettersøkshund.

04.05. – 04.09.99 Bevegleg blod og fersksporprøve i Førde / gaular. 25 hundar var på prøvene. Alle prøvene i 1999 var terminfesta og premierte. Alle hundar som oppnådde 1. premie eller 9 poeng fekk ein ekstra premie pr. Overskot på prøvene var kr. 671,80 som er overført til NJFF -Sogn og Fjordane.

Kurs:

Fase 2 og 3. kurs vart arrangert på Sande Kro og Motell med 19 deltakarar derav 2 kvinner. NJFF- Sogn og Fjordane sto som arrangør for begge kursa.

Har hatt 2 kurs i Førde for jaktleiarar der det var lat inn utreiing av 5 påskåtplassar, 23 deltakarar deltok. Måtte avlyse kurs nr. 2 for det var berre ein deltakar som var påmeldt.

Har hatt 4 hundar på trening i 1999.

Pr. 24.11.99 var det 317 godkjende ettersøkshundar. Godkjende på eige vald var 23. Totalt står 340 registrert hjå NKK.

Dette er eit for høgt antal ettersøkshundar, for eg veit med sikkerheit at det er mange hundar som er avliva eller påkøyrd. Eigarane har ikkje varsla NKK om at dei skal ut av registeret. Eg kan anslå til antal godkjende hundar til ca. 300.

Har vore på 4 møter på Skei i høve Sogn og Fjordane Ettersøksråd.

Arbeidsprogram for år 2000

Opplegg og avvikling av blodsporprøva (bevegleg) frå 1.6.99 til 31.8.99.

Fersksporprøve frå 16.7.99 til 31.8.99.

Begge prøvene er terminfesta med vanleg premiering. Ein ekstra premie til alle ekvipasjar som oppnår 1. pr. på blodspor og 9 poeng på ferskspor.

Fase 2 og 3 kurs på Sande Kro og Motell 27. –28. mai 2000 dersom det vert 15 – 20 påmelde.

Påmeldingsfrist: 20.05.00

Når det gjeld kurs, så står eg til teneste til dei som er interesserte i jaktleiar kurs, fase 2 og 3.

Desse kursa er til sjølvkost, men de kan søkje Studieforbundet om stønad til kursa. Så her bør jakt og fiskelaga gå saman med ettersøksringane i å arrangere kurs. Få også med storviltjegerar på kurs.

Med helsing

Alf Bruland

-F.instr. Ettersøkshund-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESSEKRETÆR

Som vanleg var den tilsette fylkessekretæren ute i permisjon ei tid. Sist gang var frå november 98 til 31. mars 1999. Som skreve i forrige årsmelding var Torunn Rygg vikar i også dette vikariatet.

Torunn

Dei tre fyrste månadene av året jobba Torunn blant anna med medlemsavis, årsmelding og årsmøte, fangst- og fellekurs (avlyst) og Sogn og Fj. Ettersøksråd i tillegg til vanleg kontorarbeid. Ho besøkte også Eid jfl på årsmøtet deira, og Gloppen jfl på eit styremøte.

Reidun

Har jobba med dette i 1999: medlemsaviser, vestnorsk villmarksmesse, friluftshelg i Hyen, fiskecamp (avlyst), temadag i Aurland, pressemeldingar, lotteri, informasjonsskriv til lokallaga, Sogn og Fjordane Ettersøksråd med meir. Det var også jobba ein del med internettside som dessverre var bortkasta då eg ikkje fekk dette til med det programmet eg hadde føre meg. Byrja å samle inn informasjon til CD-rom som inneheld oversikt over jakt og fiskevald. Var ”dommar” for nokre 4 H oppgåver på jakt og fangst.

Vanleg kontordrift.

Fylkessekretærstillinga auka frå 80% til heil stilling frå 1.9.1999.

I tillegg til det som står på side 8 (representasjon) har eg delteke på: Jegerprøveinstruktørkurs i Førde, årsmøte i fylkeslaget, styremøter, møter i komiteen for villmarksmessa, eitt møte i Sogn og Fj. Ettersøksråd (sekretærfunksjon) og planleggingsmøter til friluftshelga i Hyen.

Har hatt desse funksjonane i JFF –samanheng:

Sekretær og kasserar i Studieforbundet Natur og miljø, Sogn og Fjordane

Sekretær i Sogn og Fjordane Ettersøksråd

Vara til styre i Vaksenopplæringsforbundet Sogn og Fjordane.

Arbeidsoppgåvene for 2000 framgår av arbeidsplanen til styret.

Med helsing
Reidun Solberg Seim
-Fylkessekretær-

Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.99

1 datamaskin (pc)	Carat i 486 dx 50	1995
1 datamaskin (pc)	Telemark pentium	1998
1 telefaks	Brother fax -470	1995
1 telefaks	Lanier 4100	1997
1 modem	Faksmodem 5888000 bps	1995
1 kopimaskin	Lanier 6112 copier	1990
1 kopimaskin	Lanier 6813 copier	1997
1 skrivar	HP deskjet –500	1986
1 skrivar	HP laserjet 1100	1998
1 skrivar/skanner	HP Office Jet 1170 c	1999
1 skrivemaskin	Facit 7810	eldre modell
1 trådløs telefon	Zodiac digiphone 10	1997
1 ISDN telefon	DORO busy	1999
1 Mobiltelefon	Ericson	1999

Elektrisk Dressurhalsband

Målegevær

Kontorstol

Fylkeslaget eig også 1/3 i ”skiljeveggane” som vart laga til Villmarksmessa i Stryn.

Norges Jeger- og Fiskerforbund –Sogn og Fjordane

arbeidsprogram for år 2000

1.1. Naturgrunnlaget som forutsetning for jakt og fiske.

Målsetjing: Sikre naturgrunnlaget som vilkår for jakt og fiske.

Tiltak:

- Samarbeide med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt og fiskefondet for å betre bruken av pengane.
- Aktivt vere med på å påverke ei god forvaltning av vilt- og fiskeressursar, lokalt og sentralt.
- Observatør i Driftsplanprosjektet, påverke for at lokallaga kjem med i driftsplanarbeidet.
- Seminar lokal vilt- og fiskeforvaltning (Mik-seminar)
- Vilttaksering
- Selteljing

1.2. Tilgjenge til jakt og fiske.

Målsetjing: Sikre og vidareutvikle ålmenta si tilgjenge til jakt og fiske.

Tiltak:

- Påverke lokallaga til å gjere lukka lag til opne.
- Følgje opp det gode samarbeidet som ein har fått mellom kommunane, grunneigarorganisasjonar, lokallag og Fylkesmannen ved MIK-kursa.
- Arbeide for å gjere verna områder tilgjengelege for jakt, der dette er mogleg.
- Halde oversikt over jakt- og fiskevald som lokallaga disponerer og informere andre om desse.

1.3. Utøving av jakt og fiske.

Målsetjing: Sikre jakt- og fiskeutøving som en naturleg del av det tradisjonelle, haustingsbaserte friluftslivet.

Tiltak:

- Vidareføre og påverke samarbeidet med Fylkesmannen; utføre instruktøroppgåver og kursverksemd for Fylkesmannen. Utvikle samarbeidsprosjekt innan vilt og fisk
 - Observatør i Driftsplanprosjektet
 - Vilttaksering og selteljing
 - Brukarkurs El. dressurhalsband
 - Fase II og Fase III kurs ettersøk
 - Jegerprøveinstruktørkurs fase III
- Halde fiskcamp og andre aktivitetstilbod for ungdom.

- Jobbe for å få medlemmer inn i fiskeklubben.
- Kurs og studieverksemd i regi av styret ved instruktørar, Fagleiarar m.fl.
 - Jaktleiarkurs, Nordfjordeid 12. – 13. februar
 - Jaktleiarkurs, Sogndal 31. mars – 1. april
 - Jaktleiarkurs, Førde 13. – 14. mai
 - Instruktørkurs i hageskyting, 13. – 14. mai
 - Instruktørkurs i flugekasting, 19. – 21. mai
 - Jervekurs, sept-okt.
 - Jaktfeltseminar, Nordfjordeid 7. – 9. april
 - Oppgradering av jegertrap-dommere
 - Prøve blodspor, 1. juni – 31. august
 - Prøve ferskspor, 16. juli – 31. august
- Medlemsverving med spesiell vekt på ungdom og kvinner.
 - Fiskecamp for ungdom
 - Innkjøp av fiskeutstyr til kurs og camper
- Arrangere regionale arrangement.
 - Vestnorsk Villmarksmesse i Sogndal 5. – 7. mai
 - Seminar på kysten: kystkulturen vår
- Få opp aktiviteten på rifleskyting
 - Kurs i rifleskyting
 - Rifleinstruktør på kurs i NJFF
- Tilretteleggje for trenings- og prøveområde for fuglehundar og skape eit betre fuglehundmiljø.
 - Treningsområde for fuglehundar på Gaularfjellet
 - Treningsområde for fuglehundar i Hollekve

2.1. Organisasjonsutvikling.

Målsetjing: Organisasjonen vidareutviklast slik at fylkeslaget ved fylkessekretær tar seg av fleire og større oppgåver enn tidlegare. Det er også eit viktig mål å oppgradere mange av foreiningane både mht. aktivitet og internt regelverk, deriblant å få større openheit med omsyn til medlemsinnmeldingar.

Tiltak:

- Koordinere samarbeid lokallaga imellom.
- Kartleggje foreiningsstrukturen i fylket med tanke på ei god geografisk dekning.
- ”Sovande” foreiningar vitalisert.
- Meir kontakt med lokallaga.
- Gjennomføre dei vedtektsfesta arrangementa, deriblant delta på landsmøtet.

2.2. Rekruttering.

Målsetjing: Minst 93.000 betalte medlemskap for år 2000 på landsbasis, 3000 på fylkesplan.

Tiltak:

- Rekruttering av nye medlemmer fyrst og fremst gjennom lokal aktivitet ut frå sentral tilrettelegging. Dette gjennom vidareføring og utvikling av vervetiltaka frå 1999, med spesiell vektlegging på vidareføring og utvikling av gode medlemsfordeler.
- Spesiell satsing mot målgrupper av potensielle medlemmer, t.d. ungdomsmedlemer
- Innmelding av utanforstående lag, samt vitalisering av dei lokallag som er ”sovande”.
- Kontakte direktmedlemer for å verve dei til lokallaga. Pr. 31.12.99: 113 direktmedlemer.

2.3. Informasjonsarbeid

Målsetjing: NJFF sitt budskap skal nå ein større andel av befolkningen og beslutningstakarar på ulike nivå, og skal stimulere til auka interesse for jakt og fiske.

Tiltak:

- Medlemsavis ”Jeger & Fisker” skal ut 2 gonger (1 medlemsavis, 1 messeavis) med stoff om jakt, fiske og friluftsliv.
- Informasjonsrutinene skal forbetrast slik at alle berørte ledd i NJFF har naudsyn informasjon til å kunne fylle målsetjinga som gjeld informasjons- og lobbyarbeid.
- Synleggjering av NJFF sine standpunkt skal intensiverast gjennom bruk av pressemeldingar og anna bruk av media, herunder internett.
- Halde lokallaga løpande informert om aktuelle høyringar.

2.4. Skulering.

Målsetjing: Oppretthalde eksisterande aktivitetsnivå på skuleringsverksemd i fylkeslaget og lokallaga.

Tiltak:

- Bistå lokallaga med hjelp som dei ynskjer ved skulering av sine medlemmer med meir.
- Gjennomføring av formanskonferanse og Mik-seminar

3. Fylkesleddet sin økonomi

Målsetjing: Styrke fylkeslaget sin økonomi.

Tiltak:

- Auke inntektene ved:
 - Medlemsvekst.
 - Sal av annonsar og varer.
 - Å finansiere spesielle aktivitetar med tilskot frå det offentlege og andre.
- God økonomistyring og effektiv kostnadskontroll.

VEDTEKTER

NJFF -SOGN OG FJORDANE

Vedtekne av årsmøtet 16.03.91
Revidert sist 21.03.99
Godkjende av NJFF 27.04.99

§1. Namn

Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane er ein samanslutning av alle foreiningar tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) i Sogn og Fjordane.

§2. Føremål

Føremåla til fylkeslaget er å :

1. Skape auka forståing for mennesket sitt ansvar for levande natur og leggje tilhøva best mogeleg til rette for ansvarleg jakt, fiske og friluftsliv.
2. Styrke samarbeidet mellom lag, fylkesforbund og Norges Jeger- og Fiskerforbund.
3. Støtte laga i deira faglege og organisatoriske arbeid, skaffe fagleg hjelp, ta initiativ til kurs og anna opplæringsverksemd.
4. Arbeide for at utanforståande lag vert tilslutta NJFF og hjelpe til med oppretting av nye lag der det er grunnlag for dette.
5. Samarbeide med fylkesmannen, fylkeskommunen og fylkeslag og krinsar i andre organisasjonar.
6. Drive eit målretta ungdomsarbeid.
7. Samordne konkurranseaktivitetane i fylket.
8. Drive aktiv PR for forbundet sitt arbeid overfor eigne medlemmer og samfunnet elles.

§3. Årsmøte

Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1 april. Årsmøtet vert innkalla med 6 vekers skriftleg varsel. Dagsorden skal følgje innkallinga. Forslag som skal handsamast av årsmøtet skal vere styret i hende seinast 3 veker før møtet. Framlegg til endring av vedtektene skal sendast lokallaga seinast 1 veke før årsmøtet.

Lag med inntil 200 medlemmer kan sende 2 representantar til årsmøtet. Lag med fleire medlemmer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemmer - maksimalt 6. Medlemmer frå lokallaga som er med i sentrale utval i NJFF og fylkesinstruktørar vert inviterte til årsmøtet. Desse har tale og forslagsrett, men ikkje røysterrett, dersom dei ikkje møter som representantar for eit lokallag.

Årsmøtet skal handsame :

1. Namneoppnop og godkjenning av sakslista.
2. Val av ordstyrar og sekretær for årsmøtet.
3. Val av to medlemmer til å underteikne protokollen.
4. Årsmelding frå siste kalenderår og vedta ansvarsfritak for styret.
5. Revidert rekneskap for siste kalenderår.
6. Styret sitt framlegg til budsjett og arbeidsprogram.

7. Andre saker som er ført opp på dagsorden.
8. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
9. Val av styre i høve til § 4.
10. Val av medlemmer til eventuelle utval.
11. Vedta retningslinjer for eventuelle utval.
12. Val av valkomité på 3 medlemmer - så langt råd geografisk fordelt.
13. Val av to revisorar.
14. Val av utsendingar til landsmøtet (tredjekvart år). Den ansvarlege for ungdomsarbeidet i fylkeslaget er fast utsending.

Dersom ikkje anna er bestemt, vert alle saker avgjorde med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal vert framlegger rekna som forkasta, unnateke ved personval, der det skal føretakast loddtrekking.

Vala bør foregå skriftleg dersom det er fleire forslag og nokon ber om skriftleg avrøysting.

Ingen representant har meir enn 1 røyst. Styret i fylkeslaget har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.

§ 4 Styre

fylkesforbundet vert leia av eit styre samansett av leiar, nestleiar, sekretær, kasserar, ungdomsleiar, fagleiar vilt og fagleiar fisk.

Fagleiar vilt og fagleiar fisk har i samarbeid med resten av styret ansvar for viltspørsmål og fiskespørsmål.

Styret skal ha to vararepresentantar. Ein med hovudansvar for jakthundspørsmål. Ein med hovudansvar for konkurranseaktiviteten.

Vararepresentantane vert kalla inn til styremøter når faste representantar melder fråfall, og når det skal handsamast saker som omfattar fagområda dei har hovudansvar for. I desse sakene har vararepresentantane stemmerett.

1. Styret skal ha fagråd som vert utpeika og samansett av leiar og fagleiar frå sak til sak.
2. Styret vert valt for 2 år om gongen. Leiar og kasserar vert valt på like årstal, dei øvrige på ulike årstal.
3. I tillegg vert det kvart år valt 2 vararepresentantar til styret.

Styremedlemmene skal virke som kontaktledd mellom styret og det geografiske området dei representerer. Dei bør drøfte viktige saker av felles interesse med lokallaga, samt ta initiativ til kurs, møte og liknande.

Fylkesinstruktørane vert utpeika av styret og rapporterer til styret. Instruktørane er fagleg underlagt NJFF. Fylkesinstruktørar bør tiltre styret etter behov (med tale og forslagsrett).

§ 5. Styret sine plikter

Styret kan ta avgjerd når minst halvparten av styret er til stades. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal vert framlegget rekna som forkasta.

Styret skal leggje fram årsmelding og rekneskap for årsmøtet, samt framlegg til budsjett og arbeidsprogram.

Styret skal føreslå endringar i organisasjonen og i instruksar når dei ser behov for det. Styret skal føreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.

Årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde, vert sendt NJFF og foreiningane seinast 1 månad etter årsmøtet. Styret skal vere representert ved stemne og arrangement på fylkesnivå.

§ 6. Økonomi

årsmøtet kan vedta ein tilleggskontigent til fylkeslaget.

Tilleggskontigenten vert kravt inn saman med den ordinære medlemskontigenten.

Foreiningane dekkjer sjølv utgifter til reise og opphald ved årsmøte i fylkeslaget, konferansar mellom tillitsvalde o.l.

Styret og instruktørane skal søkje å oppnå økonomisk støtte til sine aktivitetar.

§ 7. Vedtektsendringar

Endring av vedtektene kan berre gjerast av ordinært årsmøte. For at vedtaket skal vere gyldig, må minst 2/3 av representantane røyste for det.

§ 8. Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når minst ¼ av dei tilslutta foreiningane eller forbundsstyret krev det.

Styret kallar inn til ekstraordinært årsmøte med 14 dagars varsel. Dagsorden skal ligge ved innkallinga.